

**DNS** DEN  
NATIONALE  
SCENE

A close-up photograph of a woman with long, wavy brown hair, smiling warmly as she reads a piece of paper. She is wearing a red, textured top. The scene is dramatically lit from the side, casting deep shadows and highlighting her face and the paper. The background is dark.


*SYTTEN SOMRAR*

# KJÆRE PUBLIKUM

«Sytten somrar» handlar om dei avgjerande vala ein kan ta òg i ung alder. Val som kjem til å forme resten av ditt liv, sjølv om du berre er sytten somrar gammal. Solveig vel Hans og mistar statsborgarskapet sitt. Ho mistar kontakten med familien i Noreg, og må jobbe hardt for at familien skal overleve i Dresden og det som vart DDR.

Dette ei viktig historie å fortelje, og som er stadig aktuell. For så merkeleg som det kan verke for enkelte, så er det ikkje umogleg å forelske seg i «fienden».

Det er på høg tid at historia om Solveig og dei andre jentene blir fortalt, løfta fram og snakka om. Og det er Stig Amdam som gir oss historia i kveld, som vekslar mellom 1945 og 1954, godt hjelpt fram av regissør Miriam Prestøy Lie og teamet hennar.




**Stefan Larsson**  
Teatersjef

Publikumstjenesten

Sytten somrar : ei tyskarjente si his



23g046376





## PÅ SCENEN



**Stine Robin  
Eskildsen, Solveig**



**Odin Waage,  
Hans**



**Jonatan Filip,  
Einar**



**Susann Bugge  
Kambestad, Liv**



**Irene Waage,  
Ingrid**

## SYTTEN SOMRAR

*- ei tyskarjente si historie*

av Stig Amdam

**Regissør:** Miriam Prestøy Lie

**Scenograf og kostymedesignar:** Tora Troe

**Lysdesignar:** Silje Grimstad

**Komponist:** Thea Hjelmeland og Chris Holm

**Dramaturg:** Idun Vik, Lillian Bikset

**Inspisient:** Julie Bakke Kvalen

**Lysmeister:** Dag Tømmerbakke

**Lydteknikar:** Tor Endre Kalvenes

**Maskør:** Jim Robin Skorpen

**Kostymeansvarleg:** Maren Wagtskjold-Myran

**Rekvisitør:** Magnus Holm, Frode Prestegård

**Påkledar:** Anja Marie Homestad Thorsen

**Sufflør:** Birte Valkyrje Rolland

---

**Urpremiere 28. januar**

**Teaterkjelleren**

Varar i omlag: 1 time og 35 minutt, ingen pause



## *KVINNER MED RELASJON TIL TYSKE SOLDATAR*

Under okkupasjonen var det stasjonert opp mot 300 000 tyske militære i Noreg, og det tyske innslaget var dermed betydeleg i ei befolkning på i underkant av tre millionar. I fleire mindre samfunn, særleg i Nord-Noreg, var tyske militære i eit sterkt overtal til den lokale befolkninga. Kontakt mellom okkupantar og okkuperte var med andre ord ofte i praksis ikkje til å unngå.

Nøyaktig kor mange kvinner som mellom 1940 og 1945 hadde personlege relasjonar til tyske menn stasjonert i Noreg, veit ein ikkje, men det er vanleg å anslå at det var mellom 30 000 og 50 000.

Grappa inkluderer i denne samanhengen òg kvinner som berre vart mistenkt for å ha forhold til tyske menn. Dette var kvinner som i realiteten var «uskyldige», eller hadde gjort seg «skyldig» berre i det å snakke med eller smile til ein tysk soldat.

I kva grad relasjonen til ein tysk mann var reell eller ikkje, var ikkje alltid avgjerande – reaksjonane frå både befolkninga og styresmaktene kunne vere basert på rykte og relativt lause mistankar. Til dømes kunne kvinner som under okkupasjonen hadde arbeid for ein tysk institusjon i Noreg, bli stempla som «tyskertøs» utan å ha hatt eit personleg forhold til ein tysk mann. Dette var ein type stigma som berre retta seg mot kvinner, og ikkje mot menn i tilsvarende situasjon. Menn mista heller ikkje statsborgarskapet sitt om dei gifta seg med ei tysk kvinne.

I motsetning til frontkjemparane eller NS-medlemmar kunne ikkje «tyskerjentene» bli tiltalt for å ha brote norsk lov berre ved å ha ein privat relasjon til ein tysk soldat. Likevel blei denne grappa etter frigjeringa gjenstand for særreigne tiltak satt i verk av dei norske styresmaktene. Kvinnene blei arrestert, internert, sagt opp, utvist og fråteke statsborgarskapet om dei gifta seg med ein tysk soldat. Mange blei òg offentleg mishandla utan at gjerningspersonane blei straffa.

*Kilde: Rapport frå HL-sentret Utredning om norske myndigheters behandling av tre utvalgte grupper etter andre verdenskrig (2016)*



# Å ELSKE EIN FIENDE

*«Ja, tøs - du var den verste av dem alle. Et hakekors skal brennes på din skalle», sto det i eit hemnhugen lesarbreiv på trykk i Aftenposten i mai 1945*

I den lukkelege fredstida i Noreg fantes òg eit raseri, eit mørke. Og det fekk jentene som hadde gått inn i forhold med tyske soldatar under okkupasjonen merke på kroppen. Trakassering og «klippeaksjonar», fengsling utan heimel i lova og gynekologiske undersøkingar utført med tvang - vart konsekvensane for fleire av jentene som hadde forelska seg i feil person. Anten dei hadde innrømt forholda frivillig i avhøyr, eller om dei var ofre for ryktespreiing. Dei såkalla «tyskartøsene» vart av mange sett på som større svikarar enn landsmenn som profitterte økonomisk på krigen. Dei vart annarrangs borgarar som mista rettar, og er i mange historiske dokument framstilt som avvikarar og mindre evnerike kvinner. Rundt 10 000 av desse forholda resulterte i barn, mange av dei med hjarteskjærande historier om å vekse opp i skam.

Ein kan med ettertida sitt blikk sjå kva syndebukk-mekanismar som var i spel i frigjeringsstida. Kvinnene som elska fienden vart eit sterkt symbol som vekka hat i ein nasjonalistisk sigersrus. Det som er

vanskelegare å forstå er at det tok ein norsk statsminister 73 år å komme med ei offisiell unnskyldning for dei ulovlege sanksjonane og trauma desse kvinnene vart utsett for, med styresmakta si velsingning.

73 år.

Ei unnskyldning dei aller færreste 17-år gamle jentene som forelska seg i 1945 fekk oppleve. Dei som mista statsborgarskap med tilbakeverkande kraft, fordi dei valte kjærleiken. Som vår Solveig, som Stig Amdam har skrive fram. Ho fekk inga unnskyldning, men ho får si historie. Og det er ei stor ære for oss å få lov til å fortelje den med heile teateret sitt verkemiddelapparat.

**Med helsing kunstnarleg team: Miriam Prestøy Lie** (regi), **Tora Troe** (Scenografi & kostyme), **Silje Grimstad** (lys- og videodesign), **Thea Hjelmeland og Chris Holm** (Lyd og komposisjon).



Den Nationale Scene, Pb 78, Sentrum, 5803 Bergen, tlf: 55 54 97 00

Billetter: [dns.no](http://dns.no), tlf: 55 60 70 80, [dns@dns.no](mailto:dns@dns.no)

Ansvarlig redaktør: Stefan Larsson

Foto: Sebastian Dalseide

Trykk: Molvik Grafisk AS | Med forbehold om endringer og trykkfeil

